

Test av universell utforming på nettstaden himmeljord.no

Namn på nettstaden: Møtepunkt Himmeljord
Denne testen gheld nettstaden: <https://www.himmeljord.no/>
Testen er utført av Mediebruket AS i perioden 1.-9. mars 2023.

Utvalde sider på nettstaden er testa etter krav i Forskrift om universell utforming og etter dei nye krava i WCAG 2.1 som er gjeldande frå 1. februar 2023.

Testverktøy

Følgjande testverktøy er nytta i testane:

- Google Chrome v. 109.0.5414.87 (Offisiell delversjon) (x86_64) med innstikket Axe Devtools (basert på Axe Core 4.6.2).
- Google Chrome 109.0.5414.87 (Offisiell delversjon) (x86_64) sitt innebygde verktøy Lighthouse.
- Skjermlesar VoiceOver på Mac OS Ventura 13.1.
- [WCAG Color Contrast Checker](#).

I verktøyet Lighthouse i Chrome får framsida på nettstaden ein tilgjengelegheitsscore på 84 av 100 for både mobil- og desktopversjonen. For mobilversjonen er det feilen med hamburgermenyen som trekkjer ned på alle sidene, dvs. at menyen manglar ein indre tekst som er tilgjengeleg for dei som brukar skjermlesar-verktøy til høgtlesing av tekst og navigasjonselement.

Sider som er testa

Følgjande sider på nettstaden er testa:

- Framside
<https://www.himmeljord.no/>
- Kristendom
<https://www.himmeljord.no/religionar-og-livssyn/kristendom/>
- Kristendom > Katolisisme
<https://www.himmeljord.no/religionar-og-livssyn/kristendom/katolisisme/>

- Islam > Heilage rom
<https://www.himmeljord.no/religionar-og-livssyn/islam/heilage-rom/>
- Kristendom > St. Olav
<https://www.himmeljord.no/religionar-og-livssyn/kristendom/heilage-rom/st-olav/>
- Hinduisme > Kunnskapsbase
<https://www.himmeljord.no/religionar-og-livssyn/hinduisme/kunnskapsbase/>
- Buddhisme > Hovudretningar
<https://www.himmeljord.no/religionar-og-livssyn/buddhisme/kunnskapsbase/hovudretningar/>
- Lenkjer
<https://www.himmeljord.no/religionar-og-livssyn/lenker/>
- Andre religionar og livssyn > Jødedom
<https://www.himmeljord.no/religionar-og-livssyn/andre-religionar-og-livssyn/jodedom/jodane-i-noreg-og-det-mosaiske-trussamfunn-dmt/>
- Informasjon > Digital ressurskasse > Protestantisme
<https://www.himmeljord.no/religionar-og-livssyn/kristendom/kunnskapsbase/digital-ressurskasse/protestantisme/>

På alle dei 10 testa sidene og innlegga bryt følgjande punkt med krava til universell utforming:

1.4.4 Endring av tekst

Alvorlegheitsgrad: Kritisk

Tekststorleik kan ikkje endrast på mobil.

2.4.4 Formål med lenke

Alvorlegheitsgrad: Alvorleg

På mobilversjon: Hamburgermenyen manglar ein indre tekst som er tilgjengeleg for dei som brukar skjermlesar-verktøy til høgtlesing av tekst og navigasjonselement.

4.1.1 Parsing oppdeling

Alvorlegheitsgrad: Lite alvorleg

Statiske element har same ID (avia-menu). Skal vere ulik ID når dei er på same side.

På alle sider unntatt Framside

4.1.2 Navn, rolle verdi

Alvorlegheitsgrad: Alvorleg

På mobilversjon: Hamburgermenyen manglar ein indre tekst som er tilgjengeleg for dei som brukar skjermlesar-verktøy til høgtlesing av tekst og navigasjonselement, og ikon for søk (forstøringsglas) inneheld ikkje tekstalternativ (dvs. alternativ til ikonet).

På sidene:

Kristendom > Katolisisme

Andre religionar og livssyn > Jødedom

[4.1.2 Navn, rolle verdi](#)

Alvorlegheitsgrad: Alvorleg

Video i iframe manglar tittel- og label-attributt.

Testresultat i detalj

Nettstaden er delvis i samsvar med krava til universell utforming av ikt. Det er brot på 4 av 47 krav i regelverket.

Brota som er registrert får særleg konsekvensar for brukarar som har følgjande føresetnader:

- Bruk utan syn
- Bruk med avgrensa syn
- Bruk utan høyrse
- Bruk med nedsett høyrse

Liste over vurdering av kvart av dei 47 krava:

<https://airtable.com/shrkjKNWiUTrYuPbT>

Liste over kva krav som ikkje er fulgt, sortert på krav:

<https://airtable.com/shrNwLPilBqwo5XUI>

Liste over sidene som er testa:

<https://airtable.com/shrtYzpnv9JaJ0cB6>

Alle testresultat sorter på sidenamn:

<https://airtable.com/shrBr2egr5theloBO>

Listene viser berre punkt med feil som gjer at krava ikkje vert fulgte. Listene er dynamiske, dvs. at om feila blir utbetra, så vil desse listene blir oppdatert.

Høgtlesing

Følgjande problem vart avdekka ved manuell testing av høgtlesing med skjermlesar-verktøy (VoiceOver på Mac) på desktopversjonen, der verktøyet ikkje får tak i teksten/innhaldet:

- Forstørrelseglaset som fører til søk er ikkje tilgjengeleg ved høgtlesing.
- Fleire bilete manglar god ALT-tekst som skildrar motivet for dei som har synshemming. Dette er delvis kompensert der det er gode bilettekstar.

I tillegg, som nemnt i maskintestane ovanfor:

- På mobilversjon: Hamburgermenyen manglar ein indre tekst som er tilgjengeleg for dei som brukar skjermlesar-verktøy til høgtlesing av tekst og navigasjonselement,

- og ikon for søk (forstøringsglas) inneheld ikkje tekstalternativ (dvs. alternativ til ikonet).

Kontrast og lesbarheit

Vi har også manuelt testa lesbarheit og kontrast med [WCAG Color Contrast Checker](#). Resultatet er godkjent etter AA-standard, men den aller minste skrifta får ikkje godkjent etter AAA-standard når den ligg oppå bakgrunnsfarge på eit par av undersidene, t.d.: <https://www.himmeljord.no/religionar-og-livssyn/kristendom/>

Testa av Arild Finne Nybø, Mediebruket AS.